



Fin tur for alt på hjul!

(Foto: Bård Svardal)

Bergensbanen har vore ein viktig arbeidsplass for mange ålingar i 100 år.

Torget på Sundre brukte før i tida å yre av liv. Hit kom bønder fra gardane om-kring, både for å selge og kjøpe varer, eller berre for å siå av ein prat og få siste nyhende. Sjølv om ikkje torget framstår som noko naturleg samlings-punkt lenger ber det likevel preg av å vere i sentrum, med Tingstugu sentralt plassert, og julegrana godt synleg i desember.

Om du no parkerer på torget og går ned Stasjonsvegen og over stasjonsbrua kjem du til Ål stasjon (437 moh). I Bergensbanens ungdom var det lang stopp på Ål stasjon, med servering i restauranten. Den store lokstallen var arbeidsplassen til mange personar – særleg i tida med damplokomotiv.

Ei desembernatt i 1940 fall det to bomber på Sutøy, og den eine var ein blindgjengar. Både vaksne og ungar valfarta til krateret for å sjå. Utpå dagen kom skuleungane og brått detonerte den siste bomba. Ei skule jente på 10 år omkom. Alle husa på garden er borte så nær som eitt, som er flytta til husmanns-plassen på Ål

Ta til venstre like over bruha, forbi Kjøpelaget og over bruha som kryssar jernbanespora fram til Sutøyvegen. Denne vegen går først over det nedlagte gardsbruket Sandehuset; så godt som alle husa er borte unntake ei lita bu og nokre hustufter bak lokstallen til Jern-baneverket. Der ligg også det nedlagte gardsbruket Sutøy.

Sutøyvegen endar i ein bratt bakke opp mot Strandalivegen. Fylg Strandalivegen til høgre fram til gangvegen som går ned til høgre under jernbanelina ved garden Haugen. Her kan ein velgje mellom å gå stig til venstre i retning Vangen eller gå Kuluvegen til høgre attende til stasjonsbrua og vidare attende til utgangspunktet, Sundre Torg. Kuluvegen går gjennom eit gamalt byggefelt som på folkemunne vert kalla Vaterland.



Torget på Sundre



Torget på Sundre.



Turen tek ca. 45 min/ca 2 km.



Jernbanehistorie, sjå skilt på stasjonsbygningen.



Lett og grei veg med for det meste asfaltdekkede. Den bratte bakken frå Sutøyvegen til Strandalivegen kan vere krevjande for hjul.

**For meir detaljert kart:
Ål Sentrumskart**